

Musikk og dans på museum

- kulturarv eller levande samtidsuttrykk?

Norges Museumsforbund – seksjon for immateriell kulturarv
Seminar på Valdres Folkemuseum på Fagernes 22.—23. oktober 2018

Seksjon for immateriell kulturarv har i to år skipa til fagseminar for tilsette i musea og andre interesserte. Seminara har vore svært populære og i 2017 var 30 interesserte samla til seminar på Sjølingstad Uldvarefabrikk i Mandal. I år inviterer vi til seminar på Valdres Folkemuseum på Fagernes. Tema denne gongen er musikk og dans.

Immateriell kulturarv er av mange forstått som historiske praksisar med begrensa relevans for kultur, produksjon og verdiskaping i dag. På museum er immateriell kultur gjerne «forteljinga om i går» og tradisjonskulturen blir ofte framstilt gjennom historiske tablå. Slik bidreg musea til myteskapinga og ideen om at kulturarv er noko som høyrer fortida til.

På årets seminar rettar vi blikket mot folkemusikken og folkedansen. Vi vender oss bort frå den historiske innpakkinga og spør korleis stoda er for den tradisjonsrike musikk- og dansesjangeren i dag. Korleis greier utøvarane å balansere mellom tradisjonsforankring på eine sida og kreftene innfor underhaldningsindustrien på andre sida? Kva skjer med folkemusikken og -dansen i møte med utdanningsinstitusjonane og festivalane? Og kva kan musea lære av utøvarane i feltet?

Det er seksjon for immateriell kulturarv i Norges Museumsforbund som arrangerer seminaret. Seksjonen er del av forbundet sitt faglege og politiske nettverk og skal vere arena for utvikling og diskusjon om immateriell kulturarv. Seminaret er årleg. I styret for seksjonen sit Anna Stella Karlsdottir, Torveig Dahl, Heidi Richardson og Ole Aastad Bråten.

Informasjon om overnatting, transport, prisar og program:

- Seminaravgift kr. 1 200,-. Avgift dekkjer seminar, alle måltid og kveldskonsert med Sudan Dudan. Deltakarane betaler overnatting og reise sjølve.
- Overnatting på Fagernes hotell. Ved bestilling, ring 61 35 80 00, tast 2 (andre spørsmål) og du kjem fram til resepsjonen på hotellet. Hugs referansekode, som er Norges Museumsforbund, eller talkode 46617162. Overnatting med frukost kostar kr. 1010,- (enkeltrom).
- Buss frå Oslo, sjå www.nor-way.no
- Tog frå Bergen, sjå www.nsb.no
- Påmelding til ask@setesdalsmuseet.no eller 917 21 361 innan 30. september.
- OBS: Det er eit tak på 30 deltakarar. Meld deg på no!



Foto: Ingvil Skeie Ljones



Foto: Anne Marte Før

Program

Måndag 22. oktober kl. 12.00—18.00

Ordstyrar og programleiing: Ole Aastad Bråten

- 12.00 Registrering
- 12.30 Lunsj i museumskafeen
- 13.15 Velkomen ved Ole Aastad Bråten, direktør ved Valdresmusea
- 13.30 ***Immateriell kulturarv på musea – noen kritiske refleksjoner.*** Foredrag ved Heidi Richardson, avdelingsleiar ved Hardanger Fartøyvernsenter
- 14.15 ***Musikk som tidskapsel?*** Foredrag ved Gjermund Kolltveit, musikkforskar
- 15.00 Pause
- 15.15 ***Folkemusikk og folkedans i musea.*** Foredrag ved Elisabeth Kværne, langeleikspelar og folkemusikkarkivar ved Valdresmusea
- 16.00 ***Musikkens sjel, dansens hjarte.*** Foredrag ved Ellen Persvold, leiar for Jørn Hilme-stemnet – landets eldste folkemusikkfestival
- 16.45 Pause
- 17.00 Idétorg (innmeldte presentasjonar)
- 18.00 Slutt
- 19.00 Middag og konsert med Sudan Dudan, i festsalen på Valdres Folkemuseum

Tysdag 23. oktober kl. 09.00—12.00

Ordstyrar og programleiing, Anna Stella Karlsdottir

- 09.00 ***Er dansekunnskapen til «vanlege folk» interessant, då?*** Foredrag ved Siri Mæland, doktorgradskandidat på dansevitenskap ved NTNU/Amanuensis i folkedans ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- 09.45 ***Med røter og føter. Musikk i skjeringspunktet mellom tradisjon og nyskaping.*** Foredrag ved hardingfelespelar og komponist Anne Hytta.
- 10.30 ***Musikk og dans, tradisjon og nyskaping. Kva kjem til? Kva forsvinn?*** Debatt med Ellen Persvold, Silje Onstad Hålien og Siri Mæland. Ordstyrar Ole Aastad Bråten
- 11.15 Idétorg (innmeldte 10 minutt presentasjonar)
- 12.00 Oppsummering ved Torveig Dahl
- 12.30 Lunsj og avreise